Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Oppland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skjåk

Emne: Ting til legedom og vern mot sykdom

Bygdelag: –

Oppskr. av: Edvard Grimstad

Gard: Grimstad

(adresse): Lillehammer

G.nr. 42 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn; (ta også med alder, heimstad, yrke):

Amund Grimstad 77 år. Skjåk bonde.

SVAR

A. 1. Ringar er kjent. Dei skulle vera gode mot ikt.

2 Dei var av zink med koparplate på, eller det kunne vera tin istaden for zink. Noko innrissing ukjent.

3. Ringane var ålment kjent. Skreppekremarar hadde med seg slike å selja. Stundom kunne dei bli lånt.

4. Det er kjent frå ein gard i bygda her, at dei la ein slik ring i eddik. Så han skulle bli elektrisk.

5-9 Ukjent.

D 10-11. Elektriske belter var kjent for 30-50 år sia. Det var firma i Kristiania som handla med slike og hadde jamleg annonser i blada om slike. Dei var nok kalla iktbelte eller elektrisk belte.

12. Eg har aldri set eit slikt.

13. Ukjent.

E. 14 Det er kjent at mannfolk brukte øyreringar. Det vart vel slut med det 40-50 år sia. Den siste ein kjenner til, døydde 1913.

15. Dei såg ut som sylvringar, og var laga slik at eine enden var hola innover, den andre enden var kvesst slik at han gjekk inn i holet

9231

på den andre enden. Desse ringane
var fast gjenom eit hol i øyra.
Holet var stunge med ei nål eller ein
syl, og halde ope med ein bly-tapp
til det grodde. Så det vart ståande ope.
Det var ikkje nokon serleg kil å
stinge hol på øyra. Det gjekk lettvint.
16. Jr. det var ein ring i kvart øyra
17 Det er sagt at det skulle vera godt
for synet, og for tann-ilske
19. Ukjent. Når kvinner bar ringar,
(øyredobber) var det ei motesak,
og var som stas.
F. 20-22. Det er kjent at folk har
haot muskus i pengepungen og
på pengesetlar. Det skulle vera
mot smitte. Elles kjenner ein
her ikkje til at folk har trore på
ting til slikt vera.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 9231